

Tråjåting av rein 1929-30.

I 1929 kjøpte Skjåk Tamreinlag ca 450 dyr levert Hjerkin, oss reiste da å henta flåkken, det var Johan Haugen, Sylfest Pollmo, Rasmus Mork, Olav G Øiberg og Lars Tuva. Oss tok rein over Lesja og opp ved Bøsætra, det var 1 m med blaut snog oss måtte brøyte eit spor for å få han opp. Oss kom ått Sjoe um natte Johs Pardapouli og Hans Bruheim overtok jåtinga um natte. Så byrja tråjåtinga oss var 5 stykker Johan Haugen, Hans Bruheim, Lars Tuva, Sylfest Pollmo og Olav G Øiberg. Oss jåtte 2 og 2 på døgnet den tredje måtte fårå ront um for å sjå um noko hadde reist. Alt 3dje dagen var det burte ein flokk . Oss drog etter vi fant han ogofor Viggjasæter neden for Skartin det var ca 150 dyr deriblant Lesjakviten han var vrang på heile ture, oss slakta han så fort det var sporlag etter kjøtt. Når oss rekna rein batt oss ein bukk så tok oss ein anden bukk og reiste ca 100 m frå flokken, dei dyra som fylgde med rekna oss så slepte oss småflåkke 20-30 dyr, det sto ein mann på kvar side så det ikke fekk komme for mange dyr um gangen, oss rekna rein 2 eller 3 ganger kvar viku i fystningen.

Reinen slo seg fort til ro ~~rundt~~ grundet det fine vinterbeite på Sjoe oss hadde rein mellom Hegebotthovda og skogen i kalvingen, når simla vart kalvsjuk reiste ho oftast frå flokkje og oppå ei høg, der var det fint å damle dei att på Heggebottflyn og i Gjøjingsdale (Jøjingsdale?). Ein morgå øn Hans og øn Olav kom og skulle avløyse han Johan og øn Lars var rein og jåtarein burte. Det var slo innover mot hegebottflyn, pelsen låg att i slon dei hadde nok somna jåtarein dei kom att med rein ved 11-12 tie, dei hadde vore heilt burti Lordalsmuen etter reine. Oss brukte å jåte heile døgnet fra kl 8 - kl 8 neste morgå.

Ca 1. juli fløtte oss ått Tordale med flokken, Hans Bruheim reiste på eksis og han Lars Mork var i hans sted. Ein dag var det burte mykje rein Lars Tuva og Lars Mork og Olav Øiberg reiste etter det var berre på føynnem (bræa) oss såg spor oss rækte sloe over Torsflye Spångflye forbi Dør Storbollen (Storbotten) ~~sloer~~ Storhøe Asbjørnsdalen til Rånåfly der fant vi rein, det var 155 dyr. Oss var burte ca 2 dogn , ca 8 d etter sakna oss nogre store bukke Johan og Olav reiste etter same ruta. Oss kokte kaffe å ått i Asbjørnsdale og oss fannbukkein på Rånåflyn det var 13 bukkø, eit låkt tal sa eg, det gjekk med full fart tilbake ått Tordale. Oss brukte 7 timer, førre gongen brukte oss 11. Ein dag oss rekna rein mangla det 25 dyr, oss rekna han fleire gonger det mangla ca 25 dyr.

Så reiste Olav og Lars Mork til Rånåflye og til Tungsæter (Tengesæter) austover at til Kabben sæter over Asbjørnelve Grønmillom til Degervarden til enfjellet over Lora opp til Skartin austover til Bøsæter tilbake Slodalsfjellet til Finndalen og Lordalen til Tordalen, oss fann ikkje verken spor eller rein. Så reiste han Sylfest og han Lars Tuva dei var til Slådalen, dei reiste ned i Vågå

Så reiste han Johan Haugen og han Robert Bøje i vegen, dei var burte ei viku dei fann ikkje noko. Så fløtte oss rein over på Båttfjellet det var i august så netten vart forlange det var vanskeleg å halde rein samla um natta. Oss hadde da rein in i rens garden 2-3 timer midt på natten. Oss behøvde ikkje å bruke leidyrr for å få han inn. Sist i august slutta oss å tråjette oss ha da tråjett i 4 mnd og 1 døgn. Ein dag han Lars Tuva, Lars Mork og Olav Øiberg var uppå Framrusthovda fekk han Olav sjå rein burti Stamsøterfjelle vi tok da ein leibukk og to bukker som ville vera med og reiste over til Åsen, Billingen, Torbue til Sauhaugom innme Kvenåttjønnom der fann vi den flokken, det var 26 dyr, så var det samme vegen tilbake kor mange mil det var leit etter den flokken veit eg ikkje. Vinteren 1929/30 kjøpte Skjåk Tamreinlag reinsflokken hass Sevald Grotli flokken vart ført over til reinen på baksifjellet (Sotfjellet og Londadalen) Trårein beitte på Aursjofjellet vinteren 1929/30 om sumaren 1930 var det framsyning av reinen i Grotli oss var 5 mann Sylfest Pollmo, Lars Tuva, Olav Øiberg, Svend Mork og Kristen Brujordet. Oss hadde rein i Breidalen og Mårådalen oss brukte leidyrr dei 3 fyrste gangene vi hadde rein på plan sia gjekk reinen sjøl over Breidalsbrua og på plan. Slikt kan ein kalle tamrein. Oss var 2-3 ture på Djupvasshytta og synte fram rein ått turistom.

Dø hende så mangt.

I 1929 var han Johan og Olav over på Lesjakanten det vart reindrev på tilbaketuren riktigt av verste slaget Johan vart solblind han måtte vera inne 1 viku sa doktoren. Ole Haugen bror til Johan var i stede hass Johan oss hadde tatt fast ein bukk kvar og skulle ha til kjøyrebukk, oss hadde kjørt dei nogre ture Ole spente bukke hans Johan for slæden og avsted barst det over Hyrvevikje og upp til Flåtåttjønn, der la bukken seg beint ned det var ikkje liv å få i han. Ole la bukken på kjelken å drog han heim ått hytten att. Bukken må vera dau, sa han Ole Olav gjekk sta å tok sæla og grime tå bukke og spente han bak, bukken spratt upp og tok sprange ått flokken, det vart ein god latter. Ein dag oss skulle ned Heggebåttlie med flokken sa han Olav det er ei simle som er så vrang, keill er ho sa han Johan han tok upp lina (lasso) der er ho sa han Olav oss harbende simla til oss kom ned på elve da tok oss av harbenda sia var simla fin fin.

Ein dag oss skulle nordover med flåkkoe var det ein bukk som var så vrang, når flokken ville kvile rakte bukken av sted og drog med seg andre dyr lat han berre gå sa øn Olav så skal oss setja på han hundein, oss så gjorde. Dei var burte i ca 20 minutter da kom dei att bukken fyrst han reiste inni flokken og la seg siden var han som andre bukke.